

EIT MINERAL BLIR FUNNE

Rynersonitt

Tekst Tor Witsø

Foto Roger Bjerkan

Sommaren 1995 var ein trønder innom kjentfolk i Halden for ei vekes tid. På dagtid var sjøfolket nå arbeid og tida fall litt lang. Han ga uttrykk for dette og husfrua som visste om mineralinteressa rådde han til å prøve Herrebökasa. Etter å ha leita ei stund fann han tippen frå det største brotet, og samla med seg det som såg mest lovande ut.


Vel heime vart prøvane nøye granske og han fann ein stuff med ein merkeleg «dott» på og like etter ein til. Som vanleg var når han fann rare ting tok han seg ein tur til NGU. Harald Hatling meinete at ein «dott» skulle greie seg,, og han gjorde eit røntgenopptak. De han granska resultatet viste



Rynersonitt frå Herrebökasa. Feltspatplatene lagar små holrom kor ein kan finne det sjeldne mineralet,

ALT DU TRENGER PÅ ETT STED!

- * UTROLIG UTVALG AV SLIPT OG USLIPT SMYKKESTEIN
- * VERKTØY OG MASKINER FOR BEARBEIDING AV STEIN
- * DIAMANTSLIPEUTSTYR FOR STEIN OG METALLER
- * EKTE OG UEKTE INNFATNINGER
- * KNIVMAKERUTSTYR OG VERKTØY
- * LÆR I MANGE KVALITETER
- * SØLV OG SØLVSMEDUTSTYR
- * RIMELIG OG GODT NYSØLV
- * UTSTYR FOR Å LAGE SMYKKER I SØLV OG STEIN
- * LITTERATUR



**Grenland
STEIN-HOBBY as**

Storgt 211, 3912 Porsgrunn

Telefon 35 55 04 72 eller 35 55 86 54 Telefax 35 55 98 43


I vår flotte, 92-siders katalog finner du alt du trenger til hobbyarbeidet



**Grenland
STEIN-HOBBY as**

STORGATEN 211 3912 PORSGRUNN NORWAY

TELEFON 46 29 61 72 35 55 86 54 • TELEFAX 35 55 98 43



Uvarovitt frå Oppdal

det seg at han skulle gjera den første identifikasjonen av

rynersonitt funne i Norge.

Kven er så finnar? Er det han som samle prøven? Er det Hatling, eller et det kanskje ein som lenge har hatt rariteten i samlinga si utan å gjera noko for å finne ut kva det er? Eit mineralfunn vil no for tida skuldas innsats av fleire. Det var dei gamle mineralogane som gjorde funn, for dei gjorde alt arbeidet sjøl.

Eg er ikkje ute etter å starte debatt om mineralkultur, den debatten er vi ferdige med. For nye medlemer kan det vera nyttig å lese Roy Kristiansen sitt innlegg i andre nummeret av «Stein» i 1992.

Preparering av mineral

"Så juksar me litt."

Ein av fjernsynskokkane våre brukar å seie det slik. På førehand gjer ho ferdig retten ho vil vise oss slik at vi får sjå det ferdige produktet utan at vi må sjå at potetene blir koka. Dette



Kromhaldig clinoklor frå eit kromittskjerp på Vindalskammen i Storlidalen i Oppdal. Identifisert av S. Bergstøl. For å få til eit interessant bilde vart det knust mykje stein før det vart ei høveleg flis.

kallar ho «å jukse litt», og det lyt vi tåle mineralsamlaren juksar litt når han preparerer stoffane sine, til glede både for seg sjølv og for andre. Dette er «juks» som vi godt kan leve med. Bilda nedanfor viser slike døme, og samstundes blir det fortalt kva som har gått føre seg.

Funnet av uvarovitt vart omtala i «Stein» nummer 4. 1994 under «Ryktebørseren». Mineralet er identifisert av S. Bergstøl. Granatane vart plukka frå «grusen» ein får når ein bruker saltsyre på den kontaktmetamorfe marmoren på ein viss plass i Vinstrandalen i Oppdal. Den største, granaten i «dungen» er mindre enn ein millimeter i tverrmål. Mineralet ligg i ein matrix som er ei blanding av grossular og vesuvian, (Alv Olav Larsen).



Grøn vesuvian og brun andraditt frå Vinstrandalen. Mineralet låg gøynt i marmor som vart fjerna med saltsyre. Granaten er identifisert ved NGU, vesuvian av S. Bergstøl.